



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2571 - 19/22422

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
15.07.2019

## Oversending av klagesak til endeleg handsaming - gbnr 191/5 Nepstad

### Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 191/5  
Adresse: Sjosidevegen 154 som gjeld våningshus nr.2  
Tiltakshavar: Bjørn Henning Hopsdal Nepstad  
Eigarar: Bjørn Henning Hopsdal Nepstad og Hildegunn Håbrekke  
Klagar: Fylkesmannen i Vestland

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom på ca. 1 mål med etablert våningshus nr. 2. Parkering skjer på eigen grunn.  
Eigedom – gbnr 191/5 – er etablert med 3 våningshus. Våningshus nr. 1 har adresse Sjosidevegen 138. Omsøkte parsell med våningshus nr. 2 har adresse Sjosidevegen 154. Våningshus nr. 3 er etablert utan adresse i matrikkelen. Det er i tillegg ein større driftsbygning og ein mindre driftsbygning på eigedomen-gbnr 191/5.

### Historikk – etablert bustad på omsøkte parsell

Løyve til oppføring av nytt våningshus (våningshus nr. 2) og utslepp, datert 30.04.2009 i sak 2007/1371 på omsøkte parsell, Sjosidevegen 154. Vedtaket har heimel i jordlova § 9 av 09.12.2008. Det er privat avløy med minirensanlegg på omsøkt parsell. Det er privat vatn med eige borehol på omsøkte parsell. Avkøyrsl til offentleg veg (kommunal veg) for bustad på omsøkte parsell er godkjent av vegstyresmakta. Våningshuset på omsøkte parsell er gjeve ferdigattest, 01.08.2011.

### Det vart gjeve dispensasjon frå LNF- føremålet til frådelling av bustadtomt på 1 mål av Plan- og miljøutvalet i vedtak datert 15.05.2019:

*Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, jf. § 11-6 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av bustadtomt på ca. 1 mål. Vedtaket er fatta på vilkår av at:*

- *Rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.*
- *Vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.*

*Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Bortfall av løyve*



*Om delingsvedtaket ikkje er omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev motteke 11.06.2019.

I brev datert 12.06.2019 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av vedtaket.  
Det er ikkje gjeve tilsvar til klagen.

**Vurdering:**

Lindås kommune har gjennomgått momenta i klagen. Vi kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 15.05.2019.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan til frådelling av bustadtomt - gbnr 191/5 Nepstad  
Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan til frådelling av bustadtomt  
Dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av bustadtomt - gbnr 191/5 Nepstad  
Mottatt nabovarsling for gbnr 191/36 - gbnr 191/5 Nepstad  
5154 Nabovarsel 191\_36  
5156\_Kvittering nabovarsel, 191\_36  
5155n-opplysningar\_gjeve\_i\_nabovarsel  
Situasjonskart\_målsatt  
Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 191/5 Nepstad  
Tilleggsdokumentasjon - situasjonskart - gbnr 191/5 Nepstad  
Situasjonskart\_målsatt  
Tilleggsdokumentasjon - kvittering nabovarsel - gbnr 191/5 Nepstad  
Kvittering for nabovarsel\_e nabovarsel  
Tilleggsdokumentasjon - fullmakt - gbnr 191/5 Nepstad  
Fullmakt Hildegunn Håbrekke  
Klage - frådelling av bustadtomt - dispensasjon - gbnr 191/5 Nepstad  
Klage - Lindås - 1915 - Nepstad - frådelling av bustadtomt - dispensasjon  
Stadfestar mottatt klage på vedtak om frådelling av bustadtomt - gbnr 1915 Nepstad  
Oversending av klage til uttale - gbnr 1915 Nepstad

**Kopi til:**

Bjørn Henning Hopsdal Nepstad	Skarvatunvegen	5637	ØLVE
	283		

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER